



Lindås Idrettsråd

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3778 - 16/32834

Saksbehandlar:

Atle Vaage

Atle.Vaage@lindas.kommune.no

Dato:

30.11.2016

Regelverk utleige kommunale bygningar og anlegg, følgjeskriv

Rådmannen har utarbeidd framlegg til nytt reglement for utleige av kommunale bygningar og anlegg. Vi bed no Lindås Idrettsråd og Lindås Kulturråd om å koma med innspel til framlegget. Høyringsfrist er sett til 15. januar 2017. Uttaler frå høyringa vil bli vurdert av eigedomseininga og kultureininga, før justert framlegg vert sendt til politisk handsaming.

Høyringsinnspel skal sendast til;

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

NB: Vi bed om at høyringsinnspel vert merka med saksnummer 16/3778

Målsetnadar med regelverket er fleire;

- Bidra til å skapa mest mogleg aktivitet på kommunale eigedomar.
- Skapa eit heilskapleg regeverk som sikrar lik behandling av dei ulike brukarane.
- Sikra at Lindås kommune sin utleigeverksemd er i tråd med lover og føresegner.
- Sikra at alle leigetakarar på kommunen sine eigedomar bidrar til drift av anlegg og bygningar.
- Avklara ansvarsforhold ved leige av eigedomane, og handtering av eventuell usemje kring tildeling av tid.

Dei viktigaste endringane i framlegget i høve dagens praksis er;

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Eigedomseininga tek over ansvaret for utleige og timeplanar for dei kommunale symjebassenga Alversund og Ostereidet. Bassenget ved LOAS heldt fram med same drift som i dag.
- Det er lagt inn gratis bruk av fleirbrukshallar for barn og unge til faste aktivitetar, i tråd med politisk vedtak i idrettsplanen.
- Det vert gjennomført bruk av timepris i staden for døgnpris for arrangement i regi av lag heimehøyrande i Lindås. Dette gjeldt arrangement for organisert aktivitet som td cupar og stemne. Endringa medfører lågare kostnad for idrettslag og andre arrangørar.
- Generell auke i prisane for kommersielle arrangement
- Auka pris for reine private arrangement som td bursdagsbesøk i fleirbrukshallar.
- Kommunen fjernar bruk av gratis eller redusert husleige som del av sponing av enkeltarrangement.

Merk: Framlegg frå idrettsplanen om gratis hall for barn og unge er allereie politisk vedtatt, og vil bli innført frå 1/1 2017.

Vi håpar Lindås Idrettsråd og Lindås Kulturråd har høve til å bidra til at vi får eit regelverk som brukarane ser seg giddt tente med. Dersom det er spørsmål om noko av dokumenta de no får tilsendt, ta kontakt med underteikna.

Med helsing

Atle Vaage
fagansvarleg idrett og grønt

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Forslag leigeprisar uteanlegg Lindås kommune

Forslag leigeprisar utleige av kommunale bygningar og anlegg

Forslag regelverk utleige av kommunale bygningar og anlegg

Mottakarar:

Lindås Idrettsråd

Mottakrar:
Lindås kulturråd